



Notat

Dato: 25.02.2015
Arkivsak: 2014/23788-3
Saksbehandlar: nilgrud

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Vurdering av fartsdempande tiltak i Arefjordsvegen i Fjell kommune - Svar på oversendingsforslag

På møte i samferdselsutvalet 12.11.14 stilte representanten Eli Berland (H) følgjande spørsmål

«Ber om at ein vurderar fartsdempande tiltak i Arefjordsvegen. Gjeld på strekninga frå Arefjord til kryss mot Brattholmen. Denne strekninga har ikkje gong-/sykkelsti.»

Samferdselsavdelinga sendte spørsmålet over til vidare sakshandsaming i Statens vegvesen i brev av 25.11.14. Det ligg no føre svar frå Statens vegvesen i brev av 11.02.15:

«Det er gjort fartsdempande tiltak på Fv 209 Arefjordvegen. I november 2014 vart det frå 30 km/t-sona forbi Liljevatnet skule etablert 40 km/t-sona vidare vestover. Det vart samtidig etablert fartshumpar.»

Vi har i 2015 føretatt teljingar av fotgjengarar og radarmålingar av trafikken på strekninga. Vidare var Statens vegvesen på synfaring på strekninga i januar 2015 saman med representantar frå Fjell kommune for å vurdere fleire trafikksikringstiltak. Vi arbeider no vidare med Fjell kommune for å vurdere mulege tiltak på strekninga.»

Fylkesrådmannen viser til svaret frå Statens vegvesen og har elles ikkje nokon merknader.

